



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref.:  
2012/68

Arkivnr.:  
433.52

Dato:  
1.10.2012

### Oversending av klage på vedtak om lisensfelling av ulv til endeleg handsaming

Rovviltnemnda i region 1 hadde telefonmøte om denne saka 27.09.2012. I tillegg til Noralv Distad møtte Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Sveinung Valle. Sveinung Stensland melde forfall. Frå sekretariatet møtte Anders Braa.

*Vedtak:*

*Nemnda tar ikkje klagen frå Naturvernforbundet til følgje. Vedtak om lisensfelling av ulv i region 2 gjev grunn til ei mindre endring av vedtak i sak 13/12. Nemnda vedtok denne formuleringa:*

***"Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av 2 ulvar i Vest-Agder fylke i perioden 1.10.2012 – 31.03.2013.***

***Eventuelle uttak på skadefellingskvote og på lisensfellingskvote i region 2 blir trukke frå lisensfellingskvoten.***

***Rovviltnemnda kan til ein kvar tid oppheve eller endre vedtaket dersom nye opplysningar gjev grunn for det."***

*Nemnda gjev ikkje vedtaket oppsettande verknad. Klagen blir oversendt til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.*

*Grunngjeving:*

Nemnda syner til grunngjevinga for lisensfelling av jerv og ulv i brev 12.09.2012:

*"Rovviltnemnda syner til at heile regionen er ei prioritert sone for beitedyr utan krav om årlege ynglingar av dei store rovpattedyra. Viktigaste førebyggande tiltak her er felling.*

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernavdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

Vedtaka er etter nemnda si vurdering ikkje i strid med nasjonale mål for rovvilt eller forvaltingsmålet for artar, jf naturmangfaldlova §5.”

Nemnda vil tilføye at vedtaket er godt samordna og tilpassa tilsvarende vedtak i region 2. Nemnda syner og til stort skadeomfang på sau som skuldast ulv på Agder i år, og potensiell fare for ytterligare tap av sau som går ute og som blir slept på beite til våren.

Dersom vedtaket blir gitt oppsettande verknad vil det i praksis kunne gje ei sterkt avgrensing i høvet til å kunne gjennomføre lisensfellinga, med mindre Miljøverndepartementet handsamar klagen raskt. Det er viktig å gje høve til lisensfelling samtidig med elgjakta.

Med helsing

Noraly Distad  
leiar for rovviltnemnda

Dokumentet er godkjend av leiar pr epost

Vedlegg:

- Klage frå Naturvernforbundet av 20.09.2012
- Saksutgreiing frå sekretariatet
- Brev om vedtak om m.a. lisensfelling av ulv i region 1 av 12.09.2012, inkludert saksutgreiing frå sekretariatet

Kopi pr epost:

- Direktoratet for naturforvaltning
- Fylkesmannen i Vest-Agder
- Rovviltnemnda i region 1
- Naturvernforbundet
- Region 2, ved fylkesmannen i Buskerud

Vedlegg:

## Saksutgreiing frå sekretariatet

Syner til klage frå Norges Naturvernforbund, dagsett 20.09.2012. Naturvernforbundet klagar på alle vedtak i landet om kvote for lisensfelling av ulv, til saman 10 ulvar så langt. Region 1 har vedteke ei kvote på 2 ulvar som kan fellast i Vest-Agder fylke, jf. vedtak i sak 13/12 på møte 30.08.2012.

Naturvernforbundet har rett til å påklage vedtak om lisensfelling innan 3 veker frå vedtak er gjort kjend for dei. Klagen er fremja innan denne fristen. Forskrift om forvaltning av rovvilt, av 18.03.2005 nr 242, §18 har denne ordlyden:

*Rovviltnemndens vedtak om kvote for betinget fellingstillatelse og kvote for lisensfelling, jf forskriftens §8 og §10 eller kvotejakt på gaupe, jf forskriften §11, kan påklages til Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet skal før klagen sluttbehandles gi Direktoratet for naturforvaltning anledning til å gi en faglig tilråding i saken. For øvrig følger klagebehandlingen forvaltningslovens regler.*

Forvaltningslova sine reglar betyr m.a. i denne samanheng at rovviltnemnda skal vurdere saka på nytta før eventuell oversending til klageinstans.

Naturvernforbundet har ikkje bede spesifikt om oppsettande verknad for vedtaket, sjølv om vedtaket vil kunne effektuerast frå 1. oktober i år.

Rovviltnemnda sitt vedtak i sak 13/12 er slik:

*Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av 2 ulvar i Vest-Agder fylke i perioden 1.10.2012 – 31.03.2013.*

*Eventuelle uttak på skadefellingskvote blir trukke frå lisensfellingskvoten.*

*Rovviltnemnda kan til ein kvar tid oppheve eller endre vedtaket dersom nye opplysningar gjev grunn til det.*

### *Nye opplysningar*

Opplysningar som har kome fram etter møtet 30. august vil kunne endre føresetnader for rovviltnemnda sitt vedtak. Høgskolen i Hedmark sin rapport om bestandsovervaking av ulv i Skandinavia og Finland vinteren 2011-2012 (Oppdragsrapport nr 5-2012) blei publisert 1. september (sjå [www.rovdata.no](http://www.rovdata.no)). Den slår fast at det norske bestandsmålet er nådd, med 3 heilnorske ynglingar. I alt var det denne vinteren 33 ulveflokkar og 27-28 revirhevdande par i Skandinavia, tilsvarande ein stad mellom 260 og 330 ulvar. Bestandstorleiken er uendra i høvet til året før. Problema med innavl i den Skandinaviske bestanden er noko reduserte ved at 2 innvandra ulvar er integrerte i bestanden dei seinare åra.

Region 2 har vedteke lisensfelling av 2 ulvar, avgrensa til Aust-Agder og Telemark, jf brev av 18.09.2012. I vedtaket heiter det at kvota må sjåast i samanheng med lisensfelling i region 1, slik at eventuell felling her vil bli belasta kvoten i region 2.

I Rovbase er det registrert 40 dokumenterte/antatte tap av sau og lam til ulv i Vest-Agder, det siste 21.august i Audnedal. Dei fleste av desse skuldast truleg ein hannulv som har hatt tilhald i sentrale delar av Vest-Agder i heile sommar. Analyse av DNA syner at han høyrer til den Skandinaviske bestanden. Eit anna individ har tilhald i grenseområda mot Aust-Agder, og er sist observert gjennom skade på sau i Evje og Hornnes kommune i august. 17 kadaver av sau og lam er knytt til ulveskade i Aust-Agder gjennom undersøking av SNO. I region 2 er det elles dokumentert ulv i Tokke, og seinast i Notodden i sommer. Det er ikkje analysert DNA frå andre prøvar i dette området, men ut frå observasjonar og tap av sau er det rimeleg å anta at det er to ulvar på Agder i tillegg til ein i Telemark no.

#### *Naturvernforbundet sine merknadar*

Vi syner til vedlagt brev frå Naturvernforbundet av 20.09.2012.

I korte trekk syner Naturvernforbundet til ulven sin status på Norsk raudliste som kritisk truga (CR), mange dyr blir felt av liten norsk bestand og store innavlsproblem i den skandinaviske bestanden. Ein stor del av bestanden blir og felt ulovleg.

Naturvernforbundet er og kritisk til at lisensfelling blir nytta som bestandsregulerande tiltak i dagens bestandssituasjon, og tvilar på om det vil vere i samsvar med Bernkonvensjonen.

Klagen syner og til rovviltforliket frå 2011 som mellom anna legg vekt på at kvoter som ikkje blir nytta i lisensfelling skal ha høg prioritet for uttak gjennom ekstraordinær skadefelling på våren. Det må få som konsekvens at nemndene er restriktive i sine vurderingar av høve til lisensfelling og eventuelle kvotefastsettingar.

#### *Sekretariatet si vurdering*

Region 2 har opna for lisensfelling av 2 ulvar etter vedtaket i region 1. Det vil seie at det i realiteten er vedteke ei kvote på 2 ulvar med grunnlag i det som truleg er 1 ulv i grenseområda på Agder. Region 2 har tatt etterhald om at felling i region 1 blir belasta kvoten. Vi rår nemnda om å gjere tilsvarande vedtak for region 1, dersom nemnda vil oppretthalde vedtak om felling av 2 ulvar.

Vi har ikkje sett av Rovbase at det er gjort observasjonar av ulv eller dokumentert skade av ulv etter 21. august. Det kan tyda på at dei fleste sauene er sanka inn i mellomtida, at kadaver ikkje blir funne, at ulven har fokusert på anna næring eller at han har flytta til andre plassar. Utover det som er nevnt over, kan vi ikkje sjå det ligge føre vesentleg ny kunnskap som ikkje var tilgjengeleg som underlag for vedtaket 30. august.

Til møtet i august la sekretariatet fram forslag om opning for felling av 1 ulv i Vest-Agder fylke, dersom det blei sannsynleggjort førekommst umiddelbart før 1. oktober og dersom DNA-analyse syner at dei ikkje er genetisk viktige.

Vi vil med dette som bakgrunn rá nemnda til å redusere kvoten til 1 ulv i Vest-Agder fylke. Alternativt, dersom nemnda framleis vil ha kvoten på 2 dyr, bør det settast som vilkår at felling i region 2 kjem til fråtrekk av kvoten.

Vi ber nemnda ta stilling til om vedtaket skal ha oppsettande verknad til MD har handsama klagen.

Med mindre nemnda trekker tilbake vedtak om lisensfelling av ulv vil saka bli sendt til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.